

Ut på tur, trygg og lur!



Slik ferdes du trygt

Når du går i fjellet ynskjer me at du ferdast trygt. Farer knytt til kraftverksanlegg kan vera vanskeleg å vurdera, difor sikrar me anlegga våre med skilt, gjerder og stengsler.

Kraftlinjer

Ved store snømengder eller oppbygging av skavlar kan det oppstå område med låg avstand til kraftliner. Desse områda vil normalt vera tydeleg merka, men forhold kan endra seg raskt. Hald stor avstand frå linjer og vis aktsemd.

Oppdaterte meldingar om aktuelle forhold via SMS-teneste

Det er etablert SMS-teneste der alle som ynskjer kan motta statusmeldingar om aktuelle forhold.

Gruppemelding «RSKVEST» for informasjon om forholda i Valldalen og Votna. Gruppemelding «RСКАUST» for informasjon om forholda på Sandvatn og Holmevatn



Innmelding i gruppene kan du gjera slik:

Send SMS til 2229 med teksten RSKVEST eller RСКАUST (i eitt ord), og du vil straks motta sms-melding med oppdatert informasjon, samt informasjon ved endring. Om du ønskjer å stoppa meldingane; sender du SMS til 2229 med tekst RSKVEST STOPP eller RСКАUST STOPP (med mellomrom mellom orda slik du ser over)



Usikre isforhold

På vatn i regulerte vassdrag vil det alltid vera fare for område med ope vatn og usikker is. Vær særleg merksam ved inn- og utløpsosar for tappetunnelar, kraftstasjonar o.l. Varierende vasstand fører til generelt svake parti og store sprekker i isen langs land. Desse kan vera skjulte av tynne lag med snø og is. Mildt ver og nedbør kan føra til auka vasstand og mykje overvatn på magasinerna. Hald stor avstand frå usikre område og vis aktsemd. NVEs www.iskart.no har oppdatert is-varsel og kart som viser spesielt usikre områder i regulerte vatn.

**Vis respekt
for inngjerding og
skilting, ver forsiktig
og ha ein fin tur.**

Forholda kan endra seg raskt, så gjer alltid eigne vurderingar ved ferdtsel i reguleringsområdet.